

Kulturhusplan DA

Rune Håndlykken

Rådgjevar kulturbygg

2. Strøm Terrasse 15

3046 DRAMMEN

E-post: rune@kulturhusplan.net

Kvalitetsarenaer for framtida

Mobil

91 39 87 27

Bankgiro: 9365 24 60931

Organisasjonsnummer.: 992 841 834 MVA

Drammen, 10.05.2019

Radøy kommune
v/ Haakon Anderssen

Kopi: Kultursjef Erik Bouwer Utne

Radøy rådhus som nærsenter og kulturarena på Manger

1. Bakgrunn

Viser til arbeidsmøte og synfaring på Manger fredag 26. april. Saman med informasjonen gitt i møtet, har følgande vore grunnlag for arbeidet:

- Mulighetsstudien @dramanger#draumanger frå Og Arkitekter frå hausten 2017
 - Handskisser ny planløysing i bygget basert på teikningane frå arkitektkontoret Vaardal Lunde (1999)
- Notatet gir innspel til vidare arbeid med gode val og prioriteringar for eit attraktivt og rasjonelt nærsenter på Manger.


2. Vurderingar omkring bygget som utgangspunkt for kulturbygg

Mange ulike typar bygg alt frå kyrkjer til industribygg, har dei siste åra blitt teknne i bruk og ombygde til kulturføremål. Dei tre viktigaste utfordringane dersom bygget elles er i rimeleg god fysisk stand og / eler eit viktig kulturminne som bør fyllast med ny bruk er: Beliggenheit, fleksibilitet / berande strukturar og etasjehøgder/ volum og korleis ein då kan løyse utfordringar med støyisolasjon, romakustikk og nye tekniske installasjonar.

Kulturhusplan har frå 1997 vore med på mange prosjekt med ombygging og tilbygg for kulturføremål der dette har vore viktige utfordringar.

For rådhuset på Manger vil vi oppsummere dette slik:

2.1 **Bygget ligg svært sentralt i Manger sentrum** både i høve til trafikk / gangmønster, kyrkja, prestegarden og folkehøgskulen. Vi vurderer ikkje avstanden til skule- og idrettsanlegg som problematisk, tvert om. Sentrum i denne delen av kommunen bør før barn- og unge ha ein «tredje stad» som ikkje er skule/idrettsanlegg eller heime. Det viktige er at innhaldet i bygget får breidde slik at det skaper ein attraktiv møtestad. Her er samlokalisering av bibliotek, kulturskule, musikklivet sin daglege aktivitet viktigast.




- 2.2 Etasjehøgdene i begge byggestega er gode nok til å gje bibliotek, møterom/ aktivitetsrom og gir også plass til å bygge mindre lysisolerte øvingsrom for musikkaktivitet med god kvalitet.
- 2.3 **Kinosalen og Kommunestyresalen** har begge alt for liten takhøgde / volum til å kunne bli gode kulturarenaer for øving korps/ kor, konserter eller teater. Dei er også nesten umogleg å kunne lydisolere slik at parallel aktivitet andre stader i huset er mogleg f. eks. om eit korps øver i kommunestyresalen eller det er kino eller ein konsert i kinosalen. Det er lokale til foredrag, kurs, møte og f. eks. til dagens bruk som bygdekino, men er ikkje eigna som musikklokale etter dagens krav f. eks. Norsk Standard 8175 (støyisolasjon) og NS 8178 (romakustikk for musikk).

Radøy og Manger har eit av dei mest aktive korpsmiljøa i landet med både elite og stor breidde. Vår vurdering er at vesentlege investeringar i eit kulturygg her må gje gode arbeidstilhøve for korpsa dersom prosjektet skal vere framtidsretta. Både pga. manglande takhøgde og støyisolasjon er då vårt råd at dette må løysast i eit mindre tilbygg. Om kommunen ikkje har økonomi til å løyse dette straks, må i alle høve planløysinga for bygget gjerast slik at det er førebudd for eit tilbygg. Bygget er elles eit godt utgangspunkt og synes å høve godt til dei funksjonane som er tenkt inn jamf. romprogrammet i Mulighetsstudien frå 2017.

3. Kulturfagleg konsept, hovudgrep og planløysing

I studien frå OgArkitekter 2017 blir Prestegarden framheva som ein viktig arena og stad for lokal identitet. Vårt råd er å sjå prestegardstunet og rådhuset som kulturarena i samanheng. Det er då i det vidare arbeidet viktig å finne ei god funksjonsdeling mellom desse bygga. Ei løysing kan vere at dei allmenne kommunale funksjonane som bibliotek og kulturskule held til i rådhuset, medan bruk og drift av prestegarden og tingstova i hovudsak blir basert på sjølvbetening / frivillighet for dei lag og foreiningar som ynskjer det.

I den møteplassen og lokale kulturarenaen som rådhuset då kan bli, er nok biblioteket avgjerande for å få dette til. Biblioteket er den mest inkluderande offentlege kulturinstitusjonen vi har og er ein stad for alle. Det har også tradisjon som møtestad i bygd og by. I planane for Strilabiblioteket er det lagt til grunn at Manger skal ha eit spesielt ansvar for kompetanse og utvikling av tilbodet for barn- og unge.



For mindre og mellomstore bibliotek er det viktig at det meste er samla på ei flate slik at ein tilsett lett å ha oversyn. Eit plan gjer det også enklare å finne gode løysingar for «meirope» bibliotek. Då får alle over 18 år tilbod om etter avtale å kunne låse seg inn sjølv og nytte biblioteket også når der ikkje er bemanning.

Me har over konkludert med at kinosalen eller kommunestyresalen ikkje er eina lokale for musikk. Den mest eigna plassen for eit tilbygg med ein litt eigna sal med godt volum er mot parkeringsplassen i nordvest, sjá skisse t.v. Skissa viser ein sal på ca. 150 m² netto med 7-8 meter takhøgde, eit lager/ støtteareal på ca. 50 m². Det er også heilt naudsynt at korpsa har lagerplass her for slagverk m.m. og at det er plass til bord, stolar og utstyr for annan bruk av salen. Vi trur også at det må vere eit mellombygg mot kommunestyresalen. Her er det vist ein eigen inngang og toalett, slik at denne delen f. eks. ved øving, kan nyttast uavhengig av resten av bygget. Dersom det er plass på tomta, kan det vere ein ide å gjere mellombygget så breitt (5 m) at

lageret kan få plass her på lagsida av bygget. I første omgang kan det byggast ein flatsal med godt volum for akustisk musikk. Når den blir bygd nærmast frittliggende kan den løysast som eit relativt enkelt bygg utan store kostnader til ekstra støyisolasjon. Vi tilrår også at salen får glassvegg mot nord-aust slik at den både kan vere ein lys sal og ein blackbox. Salen bør planleggast slik at den etter kvart kan utstyra med eit teleskopamfi og bli ein fullverdig lokal scene med ca. 120 sitteplassar og scene på 50 m².



Om lager og tilgang for publikum kan leggast mellom «Nyesalen» og kommunestyresalen, er det mogleg å kopiere løysingane for «Sølvsalen» i Kongsberg musikkteater der bakveggen på scenen er glasvegg. Om biblioteket då kan innreiast slik at kommunestyresalen blir «torget» og møteplassen med litt fleksibel møblering, kan denne delen også fungere som vestibyle ved arrangement i «nyesalen».

T.v. foto frå «Sølvsalen» i Kongsberg Musikkteater. Glasveggen vender mot nord slik at sol ikkje er eit problem, og eit elektrisk teppetrekk kan dekke glasveggen og gjere romet til blackbox. Akustikken blir regulert med svarte ruleteppe langs sideveggene.

Den skisserte løysinga viser også ei trapp frå «backstage» til kulturskule/ kulturverkstader i 2. etasje. Ved lokale framsyningar kan då areala her fungere som bakscene for øving, skift og sminke. Kostraden for eit slikt tilbygg med akustisk tilpassa sal, mellombyggs og lager med tekniske anlegg for VVS og straum, vil eg anslå til gjennomsnittleg 30.000 kr / m² eks. mva. dvs. ca. 7,5 mill. for 250 m² areal. Kommunen bør kunne rekne med full kompensasjon for mva. Teleskopamfi, stolar og teknisk utstyr for scene, lyd, lys og bilete er då ikkje medteke. Kostraden for dette vil vere 3 – 4 mill. i tillegg, men delar av dette kan gjerne finansierast gjennom gåver, tilskott og f. eks. ein lokal stolaksjon.

For kinosalen gjer utforminga av salen med fast, slakt amfi bygd rett på bakken og den knappe takhøgda at bruksområdet er og vil bli avgrensa. I tillegg til for lite volum for musikk, er det særleg kritisk er det at det ikkje er plass til å henge opp ei lysbru med frontlys for teater/ konserter i taket utan at lysiskastarane vil kome ned i siktlinene for kinoprojektoren. Problemet viser godt på fotoet under. Det er fullt mogeleg å ta bort ei stolrad for å få ein litt større scene, men bruken for anna enn møte, kurs og foredrag m.m. vil vere avgrensa så lenge




lyssetting er nesten uråd. Ei utfordring er også at det einaste moglege støttearealet for scenen er den «gamle gangen» bak kinomaskinromet. Vårt råd er dermed å berre gjere det som er heilt nødvendig for å sikre salen mot fukt og vidare forfall, få ein brukbar ventilasjon og jakte på pent brukte kinostolar, men elles ikkje investere i meir enn enkel fornying av AV-anlegg, akustisk forbetring og kanskje sorroundanlegg for ein litt meir attraktiv bygdekino.

2. etasjen i den nye fløya synes høve godt for innreiing av lokale for kulturskulen. Erfaring viser at ingen øvingsrom bør vere mindre enn 20 – 23 m², ikkje ha ei for smal og langstrekt form og vere utforma slik at dei får best mogleg takhøgd dvs. at lys og ventilasjon ligg ope under lydhiplingen. For lydisolasjon må romma byggast «boks i boks» og med flytande golv for å stoppe lyd mot lokala under. Slike lokale bør også byggast etter NS 8178 og kan då også delfinansierast som øvingsfellesskap med tilskott til akustiske tiltak på ca. 250.000 pr. rom frå den statlege Musikkutstyrssordninga.



T.v.

Her er det plass til eit høveleg tilbygg for å ein sal med takhøgde, akustikk og lydisolering som gjer den eigna som øvingssal for elitekopset Manger Musikklag og dei andre korpsa i Radøy.



Det synes vere ein god plan å bruke resten av 2. etasje til «stille sone» med studieceller/grupperom for biblioteket, kontor for frivilligcentral, kommunale kontor (landbruk?) og eit felles areal for toalett, møterom m.m. i midten.

«Bygdekontoret» er også nemnt i skissa. Det kan vere eit felles møterom og kontor for dei viktigaste brukargruppene i huset. Erfaring viser at dette er viktig for å stimulere frivillig engasjement og kulturutvikling i lokalsamfunnet.

Heisen gir universell tilgang til heile huset. Teknisk rom for tilbygget kan leggast over lagerarealet på baksida.

Det synes som om dette er den einaste mogleg staden for eit tilbygg utan større endringar i vegføring og / eller store ulemper for grannar når salen krev dobbel etasjehøgde.

4. Driftskonsept

I mange nye kulturhus, også større enn dett kan bli, er biblioteket «hjartet» i huset og servicepunktet for alle tenester; sal av billettar til arrangement, enkel «minikafé», kommunal informasjon og har oversikt over bruk av bygget. Vårt råd til kommunen er å utvikle ei noko alternativ organisering slik t.d. det store Ørland kultursenter i Trøndelag har gjort. Poenget er å unngå å etablere ein eigen driftsorganisasjon for huset i tillegg til bibliotek, kulturskule og ev. frivilligcentral.



Dette kan vere eit utgangspunkt for vidare drøfting om driftsløysing for nærsenter på Manger:

- Biblioteket ev. i samspel med frivilligcentralen har hovudansvaret for heile bygget i høve til informasjon, booking, avtalar m.m. Ein gode del av dette vil for dette prosjektet kunne vere bestillingar / sjølvbooking via nett jamf. «Aktiv by» i Bergen.
- Kommunal informasjon / tenestetorg er under rask endring. Dei aller fleste tenestene har no blitt digitale og folk flest sender søknader via nettløysingar. Ei god løysing for Manger kan vere at det faste dagar i veka og helst også noko på ettermiddagstid er mogleg å treffe t.d. ein dyktig sakshandsamar for bygesak og ein annan dag andre aktuelle tenester. Elles kan generell informasjon og hjelp med å finne fram i kommunale tenester og saker leggast til biblioteket.
- Kulturskulen har normalt tilsette som har ein del kompetanse på lyd, lys og teknisk utstyr. Ansvaret for oppfølging av slikt utstyr på huset og teknisk støtte ved arrangement, kan leggast til ei av stillingane i kulturskulen.
- Bruk på kveldstid og helgene bør i stor grad kunne vere basert på sjølvbruk frå lag og foreiningar. T.d. har Bergen kommune også gode erfaringar for dette på dei mindre bydelshusa. Men det er heilt naudsynt med opplæring i bl.a. brann / sikkheit og låserutinar og ryddige avtalar om dette. Men eit hus som dette på Manger vil kunne fungere godt som «meirope» både for bibliotek og salar.

Vår vurdering og erfaring er at det kan vere svært rasjonelt av fleire grunnar å utvide stillingar i bibliotek og kulturskule og sikre frivilligcentralen, framfor å opprette ei eiga kulturhusverksemd. Større stillingar og fleire oppgåver for nokre tilsette her, vil også auke engasjementet for dette som kulturhus og nærsenter på Manger.

Drammen 10.05.19

Rune Håndlykken